



Advokatfirmaet Riisa & co  
David Hilton

Referanser:  
Dykkar: 1316052 Vei/ka  
Vår: 14/1375 - 15/8755

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
04.08.2015

## Plansak12602010000200 - Detaljplan - Manger Torg - godkjenning av gjenstående arealformål - klage - mellombels svar

Radøy kommune har motteke dykkar klage 10.07.2015. Det er uklart for kommunen kva vedtak klagen rettar seg mot. Det i klagen vist både til Kommunestyret sin sak 026/2015 og Hovudutval for plan, landbruk og teknisk sin sak 045/2015. Vidare synast klagegrunnane å gjelde krav om innløysing.

### **Arkivsak 15/927 - Hovudutval for plan, landbruk og teknisk sak 045/2015 – Mindre endring av reguleringsplan for Manger Torg**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama 10. juni søknad som gjeld mindre endring av reguleringsplan.

Sakspapir knytt til denne saka er å finne på kommunen sin heimeside under *Sakspapir til hovudutvalet 10. juni 2015* side 92 flg.

Denne saka var nabovarsla av Ard Areaplan 20.03.2015, med varslingsfrist 20.04.2015. I følge søknad frå Ard Arealplan har Dykkar klient ikkje komen med merknad i denne saka.

### **Arkivsak 14/1375 - Kommunestyret sak 026/2015 – Godkjenning av arealføremål f\_KV04, o\_AVG04 og B/F02 i reguleringsplan for Manger Torg**

Kommunestyret handsama 10. juni 2015 sak som gjaldt godkjenning av arealføremåla f\_KV04, o\_AVG04 og B/F02.

Sakspapir knytt til denne saka er å finne på kommunen sin heimeside under *Sakspapir til kommunestyret 10. juni* side 15 flg.

Denne saka er sendt på høyring ved kommunen sitt brev av 20.03.15, med høyringsfrist 21.04.15. Det ligg føre merknad frå Dykk datert 21.04.15. Merknaden er vedlagt sakspapira til Kommunestyret på side 18-20.

Vedtak i sak 026/2015 gjeld kun godkjenning av arealføremåla f\_KV04, o\_AVG04 og B/F02, og det er kun desse arealføremåla det er knytt klagerett til. Det vil i hovudsak sei plassering av innkjørsel til Dykkar klient sin eigedom. Reguleringsplanen for øvrig vart som kjent godkjent av kommunestyret den 18.06.2013 og stadfesta etter klagehandsaming den 05.12.13 Kommunen sin eigengodkjenninga vart stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland den 18.12.2013. Det vil i ein klage over vedtak i sak 026/15 ikkje vere høve til å klage over andre delar av planen eller fremje forslag om endringar i andre delar av planen.

Til orientering er krav om innløyising ikkje del av plansaka, og kan ikkje fremsetjast eller handsamast før det ligg føre endeleg godkjent reguleringsplan. Eventuell vidare korrespondanse som gjeld innløyisingsskrav må haldast adskilt frå plansaka og merkast med saknr 15/1488.

Kommunen ber om avklaring på kva vedtak klagen rettar seg mot, med henvisning til arkivsaknummer, og at klagen av omsyn til tenleg klagehandsaming vert avgrensa til tilhøve som faktisk er avgjort ved vedtak i den aktuelle saken.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Riisa & co